

Halsnøy

TEMA: Kirke og kloster ①52, Setegard ①47

KART: ①53

HALSNØY KLOSTER

HALSNØY KLOSTER ligg midt i det frodige fjordlandskapet i Sunnhordland, på eitt av dei låge eida, eller 'balsane' som har gjeve øya namn. Slake bøar skrånar ned mot sjøen på begge sider; i sør mot Klosterfjorden, i nord mot den lune Klostervågen.




Av Elias Fiigenschougs måleri frå 1656 ser vi korleis anlegget då såg ut; mange av mellomalderbygningane stod framleis.

HALSNØY KLOSTER vart truleg grunnlagt i 1163–64 av ERLING SKAKKE, etter kroninga av sonen MAGNUS: «Udi samme kronelse lovede Erling Skakke, kongens fader, at bygge sin søn til bønerhold Halsnø kloster, sancto Augustino til lov og ære» (Bergens Fundats 1580). Om Erling gav grunn til klosteret frå eige gods eller frå kongens, veit vi ikkje, men det må ha lege ein stor og god gard her før klosteret vart grunnlagt (①187).

Dei som heldt til i dette augustinar-klosteret var ikkje munkar i eigentleg forstand, men prestar som vart kalla regulære kannikar eller korbør. Truleg var det ikkje fleire enn 13 korbør i klosteret. I tillegg kom tenestefolk og andre som hadde ansvar for klosterdrifta.

Halsnøy vart eitt av våre største og viktigaste kloster i mellomalderen. Det hadde store jordeigedomar på Vestlandet, dei fleste i Sunnhordland og nordre del av Ryfylke. Kring 1300 vart klosteranlegget ombyggt og utvida, og slik stod anlegget heilt fram til reformasjonen. Då byrja forfallet; klosteret hadde vorte ein adeleg setegard med vekslande eigarar. I 1630-åra fekk ERIK OTTESEN til Orning på Stord løyve frå kongen til å ta 400 stein frå kyrkje-ruinane for å utbetra dei andre bygningane. □

Rekonstruksjonsskissa gjev oss eit bilete av korleis anlegget kan ha sett ut: Klosterkyrkja (1), austfløya med kapittelsal og dormitorium (sovesal) (2), sørfloya med matsal (3). Desse bygningane rammar inn «claustrum»; den indre klostergården (4), som truleg har hatt ein overdekt korsgang kring. Den ytre klostergården (5) er omkransa av bygningar knytte til drifta. Her har m.a. vore gjestehus og proventshus (sjuke, gamle og fattige). Hovudinngang (6).




HALSNØYBÅTEN

I 1896 vart det gjort eit sjeldsynt funn på Bunes i Toftevågen på Halsnøya. Under utveiting av ei myr kom det for dagen tømmerstokkar og eiketre så svære at ein ikkje kunna femna kring dei. På evjebotnen oppdaga landbrukskandidat Silseth frå Toftevåg spantet av ein båt, av storleik som ein færing (①92).

Vikingskipfunna på Gokstad og Oseberg opna augo våre for eit utruleg båtbyggjarhandverk 1000 år attende i tid, men lenge var det lite vi faktisk visste om farkostar og fartøybygging frå endå eldre tider. Båtfunnet på Bunes vart ein vitenskapleg sensasjon då Håkon Shetelig tok det føre seg i 1903. Det synte seg å vera restane etter ein av dei eldste båtane vi kjenner i Norden, av same alder som båtfunna i Nydam i Danmark.

Delar av eit par båtbord, ein keip og spantet (biletet) vart tekne vare på og er no på Bergens Sjøfartsmuseum.

Keipen syner at det har vore ein robåt. Bordgangane var ikkje klinka, men har vore sydde i hop, truleg med bastsnor. Mellom dei var det tetta med strimlar av raudbrunt ullstoff, duppa i tjøre.



Ei radiologisk datering av tre frå den eine bordgangen syner at båten truleg vart bygd mellom år 100 og 200 e.Kr.